



STORD  
KOMMUNE



kristorbyen

# Kommunedelplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2015-2025



## Føreord

Fysisk aktivitet er viktig for folk si helse og levekår i alle aldersgrupper, interesse og funksjonsnivå. Kommunedelplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2015-2025 har som mål å leggja til rette for at flest mogeleg skal få høve til å utøva fysisk aktivitet i nærmiljøet og gjennom deltaking i lag og organisasjonar. Ein viktig ambisjon for planarbeidet er å fremja idretts glede gjennom leik og i konkurranse.

Kommunedelplanen er Stord kommune sitt overordna styringsdokument for investeringar i idretts- og friluftsanlegg og såleis for prioritering av spelemiddelsøknader. Planen er ein revisjon av kommunedeleplan perioden 2000-2010.

Eit av dei viktigaste føremåla med planen er å få eit grunnlag for å kunne søkja spelemidlar til idrett og friluftsanlegg. Det er difor viktig at kommunen får eit oppdatert planverktøy som speglar dagens situasjon og ønskje for framtida, i høve føringane frå statlege, regionale og kommunale mynde.

Det er viktig at kommunen legg til rette for at det er tilgjengelege arenaer for å utøva fysisk aktivitet.

Den viktigaste ressursen kommunen har, er alle frivillige som stiller opp, og som nyttar store deler av fritida si for å medverka til fellesskapet.

Planen er utarbeidd etter kulturdepartementet sin rettleiar – Kommunal planlegging og fysisk aktivitet.

Planarbeidet har vore organisert med kommunestyret som prosjekteigar, og ei prosjektgruppe oppnemnt av rådmannen.

Prosjektgruppa har hatt slik samansetjing:

Kjell Nesbø, seniorrådgjevar – prosjektansvarleg (PA)  
Sylve Rusten, idrettsfagleg rådgjevar – prosjektleiar (PL)  
Ove Kvalnes, plansjef

Rune Hansen, fagsjef Stord kommunale eigedom KF  
Ole Severin Nesse, leiar idrettsrådet

Stord, september 2014

<b>0</b>	<b>Føreord .....</b>	<b>2</b>	<b>5</b>	<b>Anleggsstatus og aktuelle prosjekt .....</b>	<b>24</b>	<b>6.</b>	<b>Mål og strategiar .....</b>	<b>35</b>
<b>0</b>	<b>Samandrag.....</b>	<b>4</b>	5.1	Generelt .....	25	6.1	Overordna målsettingar .....	36
<b>1</b>	<b>Innleiing .....</b>	<b>5</b>	5.2	Idrett og idrettsanlegg .....	25	6.3.	Delmål .....	37
1.1	Mandat.....	6	5.2.1	Fotball.....	25	6.3.1.	Aktivitet.....	37
1.2	Føremålet med planen .....	6	5.2.2	Friidrett.....	26	6.3.2.	Anlegg og område for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv .....	38
1.3	Premissar for planarbeidet .....	6	5.2.3	Vinteridrettar .....	26	<b>7.</b>	<b>Handlings- og langtidsprogram .....</b>	<b>39</b>
1.4	Planprogram .....	7	5.2.4	Handball .....	26	7.1	Prioritert handlingsprogram ordinære anlegg 2015-2018 .....	40
1.5	Planprosess .....	7	5.2.5	Sandvolleyball .....	27	7.2	Prioritert handlingsprogram nærmiljøanlegg 2015-2018 .....	41
1.5.1	Prosess og medverknad.....	7	5.2.6	Kampsportidrettar .....	27	7.3	Langtids program 2015 -2025, ikkje prioritert	42
1.5.2.	Høyringar.....	7	5.2.7	Racketidrettar .....	27			
1.5.3.	Organisering.....	7	5.2.8	Turn.....	27			
<b>2</b>	<b>Rammer og overordna føringar for planen ....</b>	<b>8</b>	5.2.9	Andre innandørsidrettar .....	27			
2.1	Lovverk og statlege føringar .....	9	5.2.10	Skyting.....	28			
2.2	Sentrale dokument .....	10	5.2.11	Symjing .....	28			
2.3	Regionale føringar.....	13	5.2.12	Hestesport.....	28			
2.4	Kommunale og interkommunale planar .....	14	5.2.13	Motorsport.....	29			
<b>3</b>	<b>Evaluering av målsetjingar og status plan for anlegg og område for idrett og friluftsliv i Stord kommune 2000-2010 .....</b>	<b>15</b>	5.2.14	Andre idrettar.....	29			
3.1	Målsetjingar.....	16	5.2.15	Idrettsbygg .....	29			
3.2	Status plan for anlegg og område for idrett og friluftsliv i Stord kommune 2000-2010.....	17	5.2.16	Helsesport og trim/treningssenter .....	29			
<b>4</b>	<b>Hovudutfordringar .....</b>	<b>18</b>	5.2.17	Båtsport.....	29			
4.1	Generelt.....	19	5.3	Natur- og friluftsanlegg .....	30			
4.2	Folkehelse og fysisk aktivitet .....	19	5.3.1	Turvegar/turstiar .....	30			
4.3	Natur, miljø og estetikk.....	20	5.3.2	Toalettanlegg.....	31			
4.4	Bygging av idrettsanlegg .....	20	5.3.3	Badeplassar .....	31			
4.5	Rolle og ansvarsdeling .....	21	5.4	Nærmiljøanlegg og aktivitetsområde .....	31			
4.6	Forvaltning, drift og vedlikehald.....	22	5.4.1	Ballbingar .....	31			
4.6.1	Generelt.....	22	5.4.2	Aktivitetssløyper/anlegg .....	32			
4.6.2	Idrett.....	22	5.4.3	Klatreveggar.....	32			
4.6.3.	Friluftsliv .....	23	5.4.4	Skateboard .....	32			
			5.4.5	Andre nærmiljøanlegg.....	32			
			5.5	Godkjenning og finansiering av bygg og anleggstiltak .....	33			
			5.5.1	Statlege tilskot .....	33			
			5.5.2	Andre tilskot.....	34			

- **Vedlegg .....** **44**
- Vedlegg 1 – Kartoversikt anlegg..... 45
- Vedlegg 2 anleggsnamn og nummer..... 63
- Vedlegg 3 - Klargjering av omgrep..... 67
- Vedlegg 4 - Evaluering av anleggsutbygginga  
2000-2011 og handlingsprogram  
- Kortsiktig del 2001 – 2004..... 68
- Vedlegg 5. Anlegg som har vore med i  
handlingsprogrammet førre periode .....
- Vedlegg 6. Anlegg som har kome til, eller  
som er teke opp frå langtidsprogrammet..... 71
- Vedlegg 7. Medlemsregister .....
- Vedlegg 8. Aktivitetstal..... 74

# 0 Samandrag

Kommunedelplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv er ein tematisk plan som har status som kommunedelplan, heimla i plan- og bygningslova sin § 11-1. Planen er eit styringsverktøy. Føremålet med planen er først og fremst å avklara behov og leggja føringar for framtidig utbygging av idretts- og friluftsanlegg; å fastleggje målsetjingar og strategiar for Stord kommune innanfor fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv i kommunen. Planen skal vera grunnlag for målretta konkrete tiltak. Eit av dei viktigaste føremåla med planen er å få eit grunnlag for å kunne søkja spelemidlar til idrett og friluftsanlegg.

Idrettslaga og andre frivillige organisasjonar er viktige samarbeidspartar når det gjeld gjennomføringa av tiltaka, irekna aktivitetsskaping i eksisterande og nye anlegg. Gjennom prioriteringane i planen ønskjer kommunen å skape grunnlag for auka fysisk aktivitet, og stimulere til betre helse og trivsel hos innbygarane i kommunen.

Friviljug arbeid og dugnadsand i norsk organisasjonsliv er i endring og tilbakegang. Dette er ein trend me ser både nasjonalt og i kommunen. Mange gjer ein stor innsats for idretts- og lagslivet i kommunen, men ein ser at det er utfordringar med å få folk til å stilla til dugnad og til verv i organisasjonane. Dette gjev igjen utfordringar med å få til verdibevarande drift og vedlikehald.

Rammene for kommunedelplanen kjem frå ulike nivå. På nasjonalt nivå gjeld statlege lover, forskrifter, samt føringar frå rundskriv, rikspolitiske retningsliner og stortingsmeldingar (St.meld.) mv. Det er også utarbeidd ein rettleiar for kommunal planlegging for idrett og fysisk aktivitet (Kulturdepartementet).

Grunnlaget og premissane for kommunedelplanen er planprogram vedteke av formannskapet 3.10.2012. Stortingsmelding 26 (2011-2012) – Den norske idrettsmodellen - er staten sine føringar for ein framtidretta idrettspolitik.

Stortinget har ved handsaming av stortingsmeldinga om den norske idrettsmodellen, lagt føringar for viktige satsingsområde for den statlege idrettspolitikken dei komande år, med melom anna auka satsing på anlegg for idrett og eigenorganisert fysisk aktivitet, herunder friluftsliv, særskilt satsing på idrettsanlegg i storbyar og pressområde, bidra til å skapa gode rammevilkår for den organiserte idretten, auka satsing på ungdomsidrett og målretta satsing for å nå inaktive.

Tiltaka i kommunedelplanen for Stord kommune byggjer på desse statlege føringane innanfor området fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv.

Hovudmålet i planen er Fysisk aktivitet og friluftsliv for alle, med delmåla

- Stord kommune skal bidra til auka fysisk aktivitet for innbyggjarane i kommunen.
- Stord kommune skal leggja til rette for gode anlegg og område for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv

Strategiane for å oppnå måla innan fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv er omtala i planen.

Målet med bygging og rehabilitering av idrettsanlegg, er å gje flest mogeleg høve til å driva idrett og fysisk aktivitet. Fleire av kommunen sine anlegg er av eldre dato, og held ikkje mål i høve til dagens behov. Rehabilitering er ein føresetnad for fortsett drift. Både i eit samfunnsøkonomisk og miljømessig perspektiv,

vil det ofte vera meir lønsamt å rehabilitera framfor å byggja nye anlegg.

Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet 2015-2025 omhandlar tre tema, kvart med eigen tiltaksdel:

- Idrett og idrettsanlegg
- Natur- og friluftsanlegg
- Nærmiljøanlegg og aktivitetsområde

Friluftsliv vert sett på som eit verkemiddelet for å styrkja folkehelsearbeidet.

Forvaltning, drift og vedlikehald er viktig for å ta vare på idretts- og friluftsanlegga.

Kommunedelplanen skal medverka til:

- Auka fysisk aktivitet i Stord kommune
- Fremja folkehelsearbeidet i kommunen
- Samordna og koordinera både innad i kommunen og i høve til andre aktørar som lag, foreiningar og ulike offentlege etatar
- Leggja føringar for å sikra areal for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv
- Avklåra oppgåver, ansvar og økonomiske forpliktingar ved utbygging, drift og aktivitetar

Handlingsprogram for perioden 2015-2018, og langtidsprogram fram til 2025 vil verta styrande for prioriteringar i planperioden. Handlingsprogrammet skal rullerast årleg.

# 1 Innleiing

1.1 Mandat.....	6	1.5 Planprosess.....	7
1.2 Føremålet med planen.....	6	1.5.1 Prosess og medverknad.....	7
1.3 Premissar for planarbeidet.....	6	1.5.2. Høyringar.....	7
1.4 Planprogram.....	6	1.5.3. Organisering.....	7

# 1 Innleiing

Eksisterande plan for idrett og friluftsliv er for perioden 2000-2010. Sidan 1994 har det vore eit statleg krav at kommunane skulle utarbeide tematisk kommunedelplan for idrett og friluftsliv i samsvar med plan- og bygningslova.

Plankravet er knytt til føresetnadene for tildeling av spelemidlar (tippemidlar). Utifrå dette vart det først utarbeidd ein plan som kommunestyret vedtok 21.11.94. Denne planen vart revidert og vedteken av kommunestyret 17.02.2000 for perioden 2000-2010. Gjeldande plankrav føreset at fysisk aktivitet skal vera ein del av planen, det skal ikkje vera ein rein anleggsplan som tidlegare.

Kommunedelplanen er eit politisk styringsdokument som skal vera retningsgjevande for utbygging av anlegg i kommunen i planperioden.

## 1.1 MANDAT

Revidera eksisterande Kommunedelplan for idrett og friluftsliv Stord kommune 2000 – 2010 og utarbeida ny kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv Stord kommune 2015 – 2025.



## 1.2 Føremålet med planen

Kommunedelplanen for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv skal vurderer behov og fastsetta mål, strategi og tiltak for planperioden. Planen skal iverksetta sentral og regional politikk for idrett, friluftsliv og folkehelse, og vera rettleiande for kommunen i samarbeidet frivillige organisasjonar og andre aktørar. Eit hovudføremål er å leggja grunnlag for søknader om spelemidlar til idrett og friluftsanlegg.

Idrettslaga og andre frivillige organisasjonar er viktige samarbeidspartar når det gjeld gjennomføringa av tiltaka, irekna aktivitetsskaping i eksisterande og nye anlegg. Gjennom prioriteringane i planen ønskjer kommunen å skape grunnlag for auka fysisk aktivitet, og stimulere til betre helse og trivsel hos innbyggjarane i kommunen.

## 1.3 PREMISSAR FOR PLANARBEIDET

Ein kommunedelplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv er ein tematisk plan som har status som kommunedelplan. Planen er utan juridisk bindande verknad når det gjeld arealdisponeringar. I den grad det er naudsynt vil ein i dette planarbeidet kunne gje tilrådingar om arealdisponeringar til kommuneplanen sin arealdel. Kommunedelplanen skal ha ein handlingsdel som syner korleis planen skal følgjast opp. Handlingsdelen skal reviderast årleg. Ved revisjon av planen gjeld føresegnene om kommunal planstrategi.

For at planen skal vera eit reelt styringsverktøy, er det teke omsyn til at han:

- er realistisk i høve økonomi
- trong er vurdert i høve aktivitetsutvikling og forventa etterspurnad
- er sikra ein omfattande medverknadsprosess
- har oversiktlege kartvedlegg
- har fokus på fysisk aktivitet, irekna friluftsliv.

I tillegg må det vere tydelege rolle- og ansvarsliner i høve idrettslaga, Stord Idrettsråd, Friluftsrådet Vest, Stord-Fitjar Turlag og andre organisasjonar.



## 1.4 PLANPROGRAM

I samband med iverksettinga av ny plan og bygningslov (PLB) 1. juli 2009 vart det stadfesta som krav at det skal utarbeidast planprogram for alle kommunedelplanar. Planprogrammet skal etter PLB § 4-1 korte trekk gjere greie for føremålet med planarbeidet, planprosessen og opplegget for medverknad. Ein skal og vurdere verknadane for miljø og samfunn, og synleggjere alternativa i planarbeidet. Forslag til planprogram skal sendast på høyring og leggjast ut til offentleg ettersyn i minimum seks veker.

I planprogrammet er det skildra overordna føringar for planen. Dette er både lovgrunnlag, som stortingsmelding nr 26 (2011-2012) – den norske idrettsmodellen. Regionale føringar som fylkesdelplan fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv. Av kommunale føringar kan nemnast kommuneplan, plan grøntstruktur, turvegar og gang/sykkelvegar på Stord og kartlegging av lokale friområde i Stord kommune.

Vedtak om igangsetjing vart kunngjort i lokalpressa og på [www.stord.kommune.no](http://www.stord.kommune.no). Etter ein høyringsrunde på seks veker vedtok formannskapet planprogrammet 3.10.2012.

## 1.5 PLANPROSESS

### 1.5.1 Prosess og medverknad

I følgje plan- og bygningslova skal kvar og ein som fremjar planforslag, leggja til rette for medverknad. Kommunen skal sjå til at dette er oppfylt i planprosessar som vert utført av andre offentlege organ eller private. Kommunen har eit særskilt ansvar for å sikra aktiv medverknad frå grupper som krev spesiell tilrettelegging, inkludert barn og unge. Grupper og interesser som ikkje er i stand til å delta direkte, skal sikrast gode høve for medverknad på annan måte.

Gjennom heile arbeidsprosessen med ny kommunedelplan for fysisk aktivitet, idrett, og friluftsliv 2015-2025 har medverknad frå idrettslag, idrettsråd, relevante interessegrupper, næringsliv, frivillig sektor, nabokommunar, regionale og statlege mynde vore viktig.

Idrettsrådet er representert i prosjektgruppa for å ta i vare idretten sine interesser. I høyringsperioden vart det invitert til ope møte om planen. Ved oppstart av planprosessen vart det halde pressekonferanse der bladet Sunnhordland, Stordnytt, Haugesunds avis og Bergens Tidene var invitert. Saka vart og publisert på Stord kommune si heimeside.

Aktuelle samarbeidspartar (ikkje utfyllande):

Stord idrettsråd, Hordaland fylkeskommune, Friluftsrådet Vest, Ungdommens kommunestyre, Stord næringsråd, Stord Eldreråd, rådet for funksjonshemma, Idrettslaga, Stord Jeger og Fiskeforeining og Stord-Fitjar Turlag.

### 1.5.2. Høyringar

Det er gjennomført høyring i samband med arbeidet med ny kommunedelplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2015-2025. Første dokument som var på høyring og offentleg ettersyn var planprogrammet. Endeleg utkast til kommunedelplan for fysisk aktivitet, idrett, og friluftsliv 2015-2025 med mål, strategiar og tiltak, er sendt på høyring i seks veker. Høyringa vert kunngjort i presse og på internett, i tillegg til at dei mest sentrale aktørane (høyringsinstansar) fekk eigne høyringsbrev.

### 1.5.3. Organisering

Kommunestyret er prosjekteigar, og rådmannen har peika ut prosjektansvarleg og prosjektleiar. Seniorrådgjevar Kjell Nesbø har vore prosjektansvarleg (PA) og rådgjevar idrett og friluftsliv Sylve Rusten har hatt ansvar for prosjektleiing (PL).

Prosjektgruppa har hatt ansvaret for å gjennomføre naudsynte utgreiingar og arbeide fram innhaldet i planen, samt halde styringsgruppa orientert. Naudsynt fagkompetanse vart henta inn etter trong ved utgreiing av ulike tema og problemstillingar i planen.

Referansegruppa si samansetjing:

Barnerepresentanten, Friluftsrådet Vest, rådet for funksjonshemma, eldrerådet, Stord ungdomsråd, Kulturtenester, Kommunelege, Stord næringsråd, Folkehelserepresentant.

## 2 Rammer og overordna føringar for planen

2.1 Lovverk og statlege føringar.....	9	2.3 Regionale føringar .....	13
2.2 Sentrale dokument .....	10	2.4 Kommunale og interkommunale planar.....	14

## 2 Rammer og overordna føringar for planen

Rammene for kommunedelplanen kjem frå ulike nivå. På nasjonalt nivå gjeld statlege lover, forskrifter, samt føringar frå rundskriv, rikspolitiske retningslinjer og stortingsmeldingar (St. melding) mv. Det er også utarbeidd ein rettleiar for kommunal planlegging for idrett og fysisk aktivitet – sist revidert av Kulturdepartementet i 2014. Fylkesdelplanen 2008-2012 er rettleiande og fylkeskommunen har utarbeidd retningslinjer for tildeling av spelemidlane. Kommunen har sjølv eigne vedtekne mål, blant anna gjennom den nye samfunnsdelen.

### 2.1 LOVVERK OG STATLEGE FØRINGAR

I det etterfølgjande er det gjort ein kortfatta gjennomgang av dei viktigaste lover og retningslinjer som er komen dei siste åra, og som har verkar inn på planen.

- **Lov om planlegging og byggesakshandsaming av 27. juni 2008**

Plan- og bygningslova er eit verktøy for samordna bruk og vern av ressursar og skal fremja ei berekraftig utvikling til beste for det einskilde individ, samfunn og framtidige generasjonar

- **Lov om pengespill m.m av 28. august 1992**

Fortel mellom anna korleis overskotet i frå speleverksemdene skal fordelast mellom idrettsføremål, kulturføremål og samfunnsnyttige og humanitære organisasjonar.


- **Lov om folkehelse (folkehelseloven) av 24.06.2011 (tredd i kraft 1.1.2012)**

Føremålet med denne folkehelselova er å bidra til ei samfunnsutvikling som fremjar folkehelse, herunder utjamnar sosiale helseforskjellar. Folkehelsearbeidet skal fremja befolkninga si helse, trivsel, gode sosiale og miljømessige tilhøve og bidra til å førebyggja psykisk og somatisk sjukdom, skade eller lidning.

Vidare skal lova sikra at kommunar, fylkeskommunar og statlege helsemynde set i verk tiltak og samordnar si verksemd i folkehelsearbeidet på ein forsvarleg måte. Lova skal leggja til rette for eit langsiktig og systematisk folkehelsearbeid.

- **Opplæringslova §1-1a. Rett til fysisk aktivitet:**

«Elevar på 5.-7. årstrinn skal jamleg ha fysisk aktivitet utanom kroppsøvingfaget. Til saman skal dette utgjera 76 timar innanfor 5.-7. årstrinn, jf. Fag- og timefordelinga. Den fysiske aktiviteten skal tilretteleggast slik at alle elevar, utan omsyn til funksjonsnivå, kan oppleve glede, meistring, fellesskap og variasjon i skuledagen.»





• **Lov om barnehagar §2 Barnehagens innhald:**

«Barnehagen skal gi barn muligheiter for leik, livsutfolding og meiningsfylte opplevingar og aktiviteter. Barnehagen skal og ha ein helsefremjande og ein førebyggjande funksjon, og bidra til å utjamne sosiale skilnader.»

• **Lov om friluftsliv av 28. juni 1957**

Føremålet med lova er å verna friluftslivet sitt naturgrunnlag og sikra allmennheten sin rett til ferdsel, opphald mv i naturen, slik at mogelegheita til å utøva friluftsliv som ei helsefremjande, trivselskapande og miljøvenleg fritidsaktivitet vert bevart og fremja.

• **Almannaretten**

Almannaretten er fundamentet for friluftsliv i Noreg og er heimla i friluftsliva av 28. juni 1957. Almannaretten gir mellom anna rett til fri ferdsel til fots og på ski i utmark.

• **Lov om forbod mot diskriminering på grunn av nedsett funksjonsevne (diskriminerings- og tilgjengelova) av 1. januar 2009**

Lova tredde i kraft 1. januar 2009. føremålet med lova er å fremja likestilling og likeverd, sikra like mogelegheiter og rettigheter til samfunnsdeltaking for alle, uavhengig av funksjonsevne, og hindra diskriminering på grunn av nedsett funksjonsevne. Plikta til universell utforming av offentlege bygg og anlegg er heimla i § 9 Plikt til generell tilrettelegging (universell utforming).

• **Naturmangfaldslova av 1. juli 2009**

Føremålet med lova er naturen og den sin biologiske, landskapsmessige og geologiske mangfald og økologiske prosessar vert teke vare på ved berekraftig bruk og vern, også slik at den gir grunnlag for mennesket si verksemd, kultur, helse og trivsel, no og i framtida.

• **Rikspolitiske retningsliner (RPR) barn og unge, rikspolitiske retningsliner for å samordna areal- og transportplanlegginga**

Rikspolitiske retningsliner for å styrkja born og unge sine interesser i planlegginga gir i tillegg konkrete kvalitets- og funksjonskrav til dei areal som vert sett av til born og unge.

I punkt 5 i RPR skal areal og anlegg som skal brukast av born og unge vera sikra mot forureining, støy, trafikkfare og annan helsefare.

I nærmiljøet skal det finnast areal kor born kan utfalda seg og skapa sitt eige leikemiljø. Dette føreset mellom anna at areal:

- er store nok og eignar seg for leik og opphald
- gjev høve for ulike typar leik på ulike årstider
- kan brukast av ulike aldersgrupper, og gjev høve for samhandling mellom barn, unge og vaksne

**2.2 SENTRALE DOKUMENT**

**Generelt**

Statlege føringar som vert refererte til i dette kapittelet skal synleggjera dei overordna rammene innan idrettspolitikk, folkehelse og arealavsetting og tilrettelegging for fysisk aktivitet i kommunal sektor.

Ansaret for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv er delt på fleire departement:

- Kulturdepartementet – idrett
- Klima- og Miljødepartementet – friluftsliv
- Helse- og omsorgsdepartementet – helsefremjande og førebyggjande arbeid
- Kunnskapsdepartementet – aktivitet i skulen

Grunngjevinga for ein statleg medverknad og støtteordningar til idrettsføremål er knytt til eigen- og nytte-



verdien av idrett og fysisk aktivitet, der nytteverdien særskild er knytt til førebyggjande helsearbeid.

### **Stortingsmelding nr. 14 (1999-2000), Idrettslivet i endring**

I meldinga vert idrett og fysisk aktivitet for alle utheva som den overordna visjonen for statleg idrettspolitik. Statleg mynde signaliserer at ikkje berre organisert idrett har rett til offentleg støtte, men at alle skal få høve til å driva idrett og fysisk aktivitet tilpassa den lokale aktivitetsprofilen. Barn og unge er primære målgrupper.

### **Stortingsmelding nr. 16 (2006-2007), «Nasjonal strategi for å utjevne sosiale helseforskjellar»**

Statistikk syner at fysisk aktivitet og deltaking i idrett og friluftsliv er ujamt fordelt. Stortingsmeldinga legg fram strategiar for å redusera sosiale skilnader i levevanar.

### **Handlingsplan for fysisk aktivitet 2005-2009, «Sammen for fysisk aktivitet»**

Handlingsplanen framhevar kor viktig fysisk aktivitet er for befolkninga si helse og trivsel. Auka fysisk aktivitet skal bli nådd gjennom ein samla strategi som omfattar tiltak på fleire samfunnsområde og arena - i barnehage, skule, arbeidsplass, transport, nærmiljø og fritid.

### **Stortingsmelding 47 (2008-2009), samhandlingsreforma av 1. juli 2011**

Eit viktig element i samhandlingsreforma er styrking av førebyggingsarbeidet. Av stortingsmeldinga går det fram at trenden i dag er eit generelt lågare fysisk aktivitetsnivå på fritida, på arbeid, skule og ved transport enn tidlegare. Personar som har eit lågt fysisk aktivitetsnivå, har ein stor risiko for å pådra seg sjukdom eller nedsett funksjonsnivå samanlikna med personar som er fysisk aktive.

### **Stortingsmelding nr. 39 (2000-2001), Friluftsliv – ein veg til høgare livskvalitet**

Gjeldande friluftslivspolitik legg til grunn at friluftsliv er eit velferdsgode som skal sikrast og fordelast jamt i befolkninga som eit bidrag til god livskvalitet, auka trivsel, betre folkehelse og ei berekraftig utvikling. Allemannsretten, sikring av naturområde, utvikling av samanhengande grøntområde og aktivitetstilbod til barn og unge er dei viktigaste nasjonale måla i planen.

### **Stortingsmelding 26 (2011-2012) – Den norske idrettsmodellen**

Stortingsmelding 26 – den norske idrettsmodellen. Denne meldinga legg føringar for kommunane sine planar og prioriteringar for ein framtidsretta idrettspolitik.

Stortinget har ved handsaming av stortingsmelding om den norske idrettsmodellen, lagt føringar for viktige satsingsområde for den statlege idrettspolitikken dei komande år, med melom anna auka satsing på anlegg for idrett og eigenorganisert fysisk aktivitet, herunder friluftsliv, særskilt satsing på idrettsanlegg i storbyar og pressområde, bidra til å skapa gode rammevilkår for den organiserte idretten, auka satsing på ungdomsidrett og målretta satsing for å nå inaktive.

Med bakgrunn i dette kan følgjande overordna mål for den statlege støtta til idrettsformål summerast slik:

- Alle skal ha mogelegheit til å drive idrett og fysisk aktivitet i form av trening og mosjon
- Den frivillige, medlemsbaserte idretten skal sikrast gode rammevilkår for å gi grunnlag for eit omfattande og inkluderande aktivitetstilbod. Det vert særleg lagt vekt på å utvikla attraktive tilbod til born og ungdom
- Samfunnetskalveragodttilrettelagtforeigenorganisert fysisk aktivitet.
- Toppidretten skal styrkjast ut frå toppidretten sin rolle som identitetsskapar og toppidretten sitt bidrag til ein positiv prestasjonskultur i det norske samfunn. Toppidrettsutøvarar skal derfor gis treningsmogelegheit som bidreg til prestasjonar på internasjonalt toppnivå innanfor etisk forsvarlege rammer

Tiltaka i kommunedelplanen for Stord kommune byggjer på desse statlege føringane innanfor området fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv.

### St. Meld 34 (2012-2013)- Folkehelsemeldinga – god helse – fellesansvar

Staten sine mål for folkehelsearbeidet er at:

- Noreg skal vera blant dei tre landa i verden som har høgast levealder
- befolkninga skal oppleva fleire leveår med god helse og trivsel og reduserte sosiale helseforskjellar
- Me skal skapa eit samfunn som fremjar helse i heile befolkninga

Det skal spesielt leggjast vekt på tiltak retta mot barn og unge.

Av folkehelsemeldinga går det fram at:

- det skal leggjast fram ein strategi for eit aktivt friluftsliv som skal leggja til rette for friluftsliv for alle og friluftsliv i nærmiljøet
- bidra til at friluftsområda i heile landet vert kartlagt og verdsatt,
- vidareføra og vidareutvikla ordninga med statleg sikring og tilrettelegging av særleg viktige friluftsområde, der friluftsområde i nærmiljøet vert prioritert
- leggja meir vekt på å forhindra nedbygging av lokale «100-meterskoger» og andre viktige naturområde for ferdsel og friluftsliv i nærleiken av buområde

### Rettleiar "Kommunal planlegging for idrett og fysisk aktivitet"

Kultur- og kyrkjedepartementet v/idrettsavdelinga har i 1993 utarbeidd ein rettleiar for kommunal planlegging av anlegg og område for idrett og fysisk aktivitet. Denne er sist revidert i 2014.



### Nasjonal transportplan 2010 – 2019

Her kjem mellom anna føringar for sykkelstrategien i Noreg fram. Stortinget prioriterer bygging av gang- og sykkelveggar gjennom Nasjonal Transportplan.

### Nasjonal strategi for et aktivt friluftsliv En satsing på friluftsliv i hverdagen; 2014–2020

Inneheld både konkrete tiltak og føringar og retningsliner for staten sitt vidare arbeid med friluftslivet i åra fram mot 2020. Målet er å få flest råd til å utøva friluftsliv i kvardagen.

### Nasjonal handlingsplan for statlig sikring og tilrettelegging av friluftslivsområder

Syner at statleg medverknad til sikring og tilrettelegging av viktige område og ferdselsårer for friluftsliv er viktige virkemiddel for å nå dei nasjonale måla for å fremma friluftsliv.



### 2.3 REGIONALE FØRINGAR

Planen byggjer m.a. på følgjande regionale planverk og styringsdokument:

#### **Fylkesdelplan 2008-2012, Fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv, Aktiv kvar dag**

Gjeldande fylkesdelplan er retningsgjevande for arbeidet med fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv fram mot 2013. Hovudmålet er at flest mogleg skal kunne vere aktiv kvar dag nært der dei bur. Prioriterte satsingsområde i perioden er:

- Partnerskap for folkehelse
- Tilrettelegging for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv
- Anlegg for idrett og friluftsliv

Kommunedelplanen for Idrett og fysisk aktivitet 2015-2025 bør stå i samanheng med aktivitets- og anleggs-politikken som vert skissert i fylkesdelplanen.

Fylkesdelplanen for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv Hordaland fylke er under revisjon. Ny plan har fått nemninga «Premiss: Kultur- regional kulturplan for Hordaland 2015-2025», og er sendt på høyring. Planen omhandlar heile kulturfeltet, ikkje berre fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv.

#### **Handlingsprogram for folkehelse 2007 – 2008**

Folkehelse er eit satsingsområde som er høgt prioritert nasjonalt og på fylkesnivå. Dei overordna måla er:

- Fleire leveår med god helse i befolkinga som heilskap
- Redusere helseforskjellar mellom sosiale lag, etniske grupper, kvinner og menn

Handlingsprogrammet tek til orde for at folkehelseperspektivet må inn i alle relevante kommunale planar.

#### **Fylkesdelplan 2006 – 2009, Deltaking for alle - universell utforming**

Den overordna målsetnaden er at alle skal kunne delta i samfunnet på like vilkår. Planen skisserar fleire strategiar for å nå dette, m.a. ved at:

- Alle nye offentlege bygg, anlegg og opparbeidde uteområde i Hordaland skal frå og med 2009 skal ha universell utforming
- Eksisterande offentlege bygg, anlegg og opparbeidde uteområde i Hordaland skal ha universell utforming frå og med 2019
- All infrastruktur for samferdsel i Hordaland skal ha universell utforming

Det skal vere universelt utforma turløyper i kvar region/destinasjon.

#### **Regional plan for folkehelse i Hordaland 2014-2025**

Planprogram for regional plan for folkehelsearbeidet i Hordaland 2012-2024 er vedteke av fylkestinget 11. mars 2014.

Denne planen skal bidra til langsiktig og systematisk arbeid som fører til fleire gode levekår i befolkinga og til utjamning av sosiale helseskilnader.

Viktige element i dette vert å:

- Sikra at kunnskap om helsetilstand og sentrale påverknadsfaktorar vert lagt til grunn for lokale og regionale planar og tiltak
- Vidareutvikla folkehelsearbeidet som kommunalt, interkommunalt og regionalt satsingsområde
- Forankra folkehelsearbeidet i alle sektorar og politikkområde
- Sikra at folkehelsearbeidet vert inkludert i relevante plandokument
- Klårgjera organiseringa av arbeidet
- Utvikla mål og strategiar for folkehelsearbeidet
- Få oversikt over og utvikla verktøy for arbeide

## 2.4 KOMMUNALE OG INTERKOMMUNALE PLANAR

### Kommuneplanen 2010-2021

Kommuneplanen – Saman om utvikling og velferd – vart vedteken av kommunestyret 15.12.2011.

Kommuneplanen er kommunen sitt fremste arealpolitiske styringsverktøy og legg rammene for den langsiktige utviklinga av kommunen. Dette set overordna rammer for den fysiske og framtidige lokaliseringa av m.a. anlegg, løypestrasear og friluftsområde.

Kommuneplanen inneheld mål og delmål innan ulike satsingsområde som byutvikling, samferdsel, miljø, estetikk og trivsel, arbeid og næringsliv, oppvekst, rehabilitering og helse og omsorg. I arealdelen i vedteken kommuneplan for perioden 2010-2021 er areal til idrett, friluftsliv og friluftsområde omtala.

### Grøntstruktur, turveggar og gang/sykkelvegar på Stord

Plan for grønntstruktur, turveggar og gang/sykkelvegar er todelt. Del 1 omhandlar grønntstruktur og turveggar, og del 2 tek for seg hovudnett for gang- og sykkelvegar. Plandokumentet er ein delplan til kommuneplanen og gjeld for perioden 2010-2021. Hovudmålsetjinga er betring av folkehelsa gjennom tilrettelegging for fysisk aktivitet ved å gje folk i alle aldrar lett tilgjenge til tur- og friluftsområde, og utvikla eit samanhengande gang- og sykkelvegnett frå bustadområde til skule, servicesentra, arbeidsplassar, turområde med vidare.

### Kommunedelplan trafikksikring for Stord

Kommunedelplan trafikksikring i Stord kommune 2012-2016 vart godkjent av kommunestyret 22.5.2014. I trafikksikringsplanen er sykkelbyprosjekt og pilotprosjekt «Gangbar tettstad» omtalt.



### Rehabilitering, helse og omsorgsplan 2011 – 2021

Rehabilitering, helse og omsorgsplan i Stord kommune 2011-2021 vart vedteken av kommunestyret 18.10.2012. Ny helse- og omsorgslov og ny folkehelselov inneheld føringar for drifta av tenestene. Planen omhandlar mellom anna helsefremjande og førebyggjande tiltak for å styrkja folkehelsa og redusera hjelpebehovet.

Målsetjing i kommuneplanen er at Stord kommune er eit inkluderande samfunn med tilhøve for gode oppvekst- og levekår for alle. Universell utforming er grunnlag for deltaking og aktivitet.

### Plan for kvalitetsutvikling. Fokusområde for oppvekst 2014-2017

Dokumentet gjev føringar for innhaldet i skule og barnehage.

### Kartlegging og verdsetting av regionale friluftsområde i Hordaland

Dokumentet vart laga i 2008 for å skaffa eit betre kunnskapsgrunnlag for arealplanlegging og arealforvaltning i fylket.

### Kartlegging og verdsetting av lokale friluftsområde i Stord kommune

Det er starta opp eit prosjekt som skal avsluttast med ein plan for kartlegging og verdsetting av lokale friluftsområde i Stord kommune.

### Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger

I januar 2012 vart det kunngjort oppstart av ein regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger i regi av Samarbeidsrådet for Sunnhordland. Planprogrammet vart vedteke av fylkesutvalet 24. april 2013.

Føremålet med planarbeidet er å sikra ei berekraftig forvaltning av sjøareal og strandsone i Sunnhordlandsregionen og ytre Hardanger.

Planen skal innehalda dei tema/føremål som er naturleg å ta opp for ein arealplan som omfattar strandsona på eit kommunalt overordna nivå. Det vil her vera særleg aktuelt å sjå på tema som er felles for kommunane når det gjeld bruk og vern av areal i strandsona. Følgjande tema skal vurderast:

- Friluftsområde, regionale og lokale
- Område med spesielle natur- og landskapskvalitetar
- Sikring av større, viktige friluft- og landskapsområde

# 3 Evaluering av målsetjingar og status plan for anlegg og område for idrett og friluftsliv i Stord kommune 2000-2010

3.1 Målsetjingar..... 16

3.2 Status plan for anlegg og område for idrett og friluftsliv i Stord kommune 2000-2010..... 17

# 3 Evaluering av målsetjingar og status plan for anlegg og område for idrett og friluftsliv i Stord kommune 2000-2010



## 3.1 MÅLSETJINGAR

Planen hadde fokus på idrettsanlegg og nærmiljøanlegg.

Dei viktigaste tiltaka vart sett slik:

- Rehabilitering av gamle anlegg
- Fleire nærmiljøanlegg
- Meir treningsareal for fotball
- Bandleggja viktige friluftsområde, Landåsen, Føyno/Nautøy, Tveitevågen, Ådlandsskogen
- Leggja til rette for nye turstiar

### Måla i førre plan var:

- Stord kommune vil stimulera alle aldersgrupper til fysisk aktivitet og eit naturvennleg friluftsliv. Kommunen vil prioritera breiddeidrett, idrett for barn, mosjon og friluftsliv framfor elitesatsing.

### Anleggsutbygginga skal:

- fremja målsetjinga om idrett for alle
- stetta krava til eliteidrett i aktuelle idrettsgreiner
- leggja til rette for eit variert friluftsliv

Kommunen vil utvikla og styrkja samarbeidet med idrettslag og velforeiningar i arbeidet for å nå felles målsetjingar.

### 3.2 STATUS PLAN FOR ANLEGG OG OMRÅDE FOR IDRETT OG FRILUFTSLIV I STORD KOMMUNE 2000-2010

Store delar av handlingsprogrammet i førre plan er gjennomført, men det er og noko som av ulike årsaker er gått ut eller framleis ikkje er gjennomført. Handlingsprogrammet er gjennomgått og endra kvart år, som grunnlag for søknad om spelemidlar. Dette har vore tilfredstillande i høve både søknad og tildeling av spelemidlar fram til dags dato. Kommunedelplanen skal reviderast kvart 4. år.

Nye anlegg har og kome til ved den årlege rulleringa av handlingsprogrammet. Dette gjeld særskilt nærmiljøanlegg og rehabilitering av anlegg eller anlegg som ikkje treng arealreguleringar for å kunna opparbeidast.

Når det gjeld turstiar og friluftsliv har ein ikkje oppnådd alle måla frå førre plan. I vedlegg 4-5 finn ein oversikt over anlegga som har vorte bygd i perioden og kva anlegg som ikkje vart bygd.

Om det ikkje er så mykje nye anlegg på friluftslivssida, gjer Stord-Fitjar Turlag eit godt arbeid med å merka og vedlikehalda eksisterande stiar. Dei laga nytt turkart i 2008. O-gruppa i Stord oppgraderer karta sine kontinuerleg og Stord Jeger og fiskeforeining driv mange fine aktivitetar.

Arbeid med friluftsliv vil verte viktigare i åra som kjem då dette er eit nasjonalt satsingsområde mellom anna med tanke på folkehelsa. At fleire anlegg vert universelt utforma er og med å gjera terskelen for å nytta dei lågare.

I den nyleg vedtekne kommuneplanen vart det laga eigen temaplan for "Grøntstruktur, turveggar og gang/

sykkelvegar på Stord". Det har vorte gjort ei kartlegging av regionalt viktige friluftsområde, og me er byrja på eit prosjekt med kartlegging og verdsetjing av dei lokale.

Fotballen har betra kåra sine på Stord ved at kommunen har fått betre dekke på dei fleste av banane våre. Tanken om å rehabilitera grus og grasbanar er skrinlagde ettersom det no er kunstgras som gjeld. Likevel er det eit tankekors at ein ikkje har fått så mykje meir kvadratmeter med speleflate tross store investeringar på Vikahaugane, Nysæter og i Prestagardsskogen. Ein lyt og sjå på anlegg for dei som ikkje driv med fotball i den komande perioden, sjølv om her framleis er eit etterslep.

Det har ikkje vore aktivitet i Fellesutvalet for velforeiningar dei siste åra. drift av leike- og ballplassar i bustadområda har vore nedprioritert, mellom anna ved at driftstilskotet er teke bort. Dei fleste skular og kommunale barnehagar har fått eit eller fleire nærmiljøanlegg i perioden. Dette er i tråd med nasjonale føringar med å plassera anlegg der folk er på dagtid og i fritida. For anleggsbygginga i førre plan vert det vist til vedlegg 4.



## 4 Hovudutfordringar

4.1 Generelt.....	19	4.6 Forvaltning, drift og vedlikehald.....	22
4.2 Folkehelse og fysisk aktivitet.....	19	4.6.1 Generelt.....	22
4.3 Natur, miljø og estetikk.....	20	4.6.2 Idrett.....	22
4.4 Bygging av idrettsanlegg.....	20	4.6.3. Friluftsliv.....	23
4.5 Rolle og ansvarsdeling.....	21		

# 4 Hovudutfordringar

## 4.1 GENERELT

Stord kommune har auka jamt og trutt i folketal sidan førre plan vart vedteken for snart 12 år sidan. Då var det vel 16.000 innbyggjarar medan me no har passert 18.000. Stord har ein av dei lågaste snittaldrane i landet. I tillegg har kommunen mykje innpendling og utanlandske gjestearbeidarar.


Tabell folketalsutvikling for 2011-2020-2030 ulike aldersgrupper:

Statistikken viser at Stord kommune kan rekna med ein auke i folketalet på omlag 2583 personar fram til 2020 og ytterlegare 2413 innan 2030. Auke i innbyggjarar over 80 år aukar noko (17 %) fram til 2020, men vil totalt auka med heile 94 % fram til 2030. I tillegg ser ein at auke i tal på personar i yrkesfør alder (25 – 69 år) berre er 25%. Dette medfører ei utvikling der det vert stadig færre i yrkesfør alder per innbyggjar over 80 år.

Utviklinga der det vert fleire eldre og forholdsvis færre yngre innbyggjarar.

### FOLKETAL, FRAMSKRIVE (KJELDE SSB, MIDDELS NASJONAL VEKST)

Alder	2011	2020	auke %	2030	Total auke %
Alle	17804	20387	15	22800	28
0 – 25 år	6420	6881	7	7546	18
0 – 79 år	17163	19634	14	21554	26
25 – 69 år	9775	11245	15	12243	25
Over 80 år	641	753	17	1246	94



Helseskadelege levevanar er forventa å gi auke i tilfelle av ulukker (utgjør 10 prosent av alle døgnopphald på sjukehus), kols, diabetes type 2, hjerte- og karsjukdommar, kreft, depresjon, angst, skjelett- og muskelsmerter og overvekt. Idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet kan vera med å redusera desse helseskadane.

Ambisjonen er å leggje til rette for at alle, uansett alder, skal kunne vere fysisk aktive om dei ynskjer det.

## 4.2 FOLKEHELSE OG FYSISK AKTIVITET

Inaktivitet er definert av Helsedirektoratet som ein av dei største truslane mot folkehelsa. Nordmenn lever lengre, men svekka helse kombinert med høgare levealder vil føre til ei stor auke i helsekostnadene.

Folkehelsearbeidet er eit satsingsområde nasjonalt, regionalt og lokalt. Arbeidet er sektorovergripande og omfattar tema frå kosthald, fysisk aktivitet, røyk og rus til trivsel og velver. Tiltaka vert retta både mot individa og mot strukturelle faktorar som fremjar eller svekkjer folkehelsa. Samhandling og samordning på tvers av ulike fagområde er utfordrande, men naudsynt.

Folkehelsearbeidet har heile befolkninga som målgruppe, både barn og unge, vaksne og eldre. Det er viktig å leggje til rette for at barn og unge kan etablere gode aktivitetsvanar, men det er også viktig å leggje til rette for at vaksne og eldre kan få høve til å oppretthalde eller auke sin fysiske aktivitet. Utsette grupper og menneske med nedsett funksjonsevne lyt få ekstra merksemd. Sosial skilnad innan levevanar er og ei utfordring.



Ved tilrettelegging for fysisk aktivitet bør ein derfor ha fokus på alle aldersgrupper, og satse særleg på aldersnøytrale tiltak og lågterskeltilbod. Det er ei stor utfordring er å skape godt tilrettelagte anlegg og område, som inspirerer til aktivitetsutfolding for alle, uavhengig av alder og funksjonsnivå.

Tilgjengelege turstiar kan betraktast som eit av dei viktigaste lågterskeltilboda som fremjar fysisk aktivitet, og Stord kommune har lagt ned mykje arbeid knytt til fleire turstiar i kommunen, til dømes Landåsen, Hystadmarkjø, helsesportsløypa i Prestagardsskogen, Nordsjøløypa (fot og sykkel) og andre turstigar. Erfaringa visar at desse er svært mykje brukt av innbyggjarane. Alle bustadområda bør ha tilgang til slike område der dei bur. Ein har også ei rekkje utfordringar i høve tilrettelegging og infrastruktur knytt til rekreasjonsområda, m.a. parkeringshøva, og det er også ei utfordring å sikra areal til rekreasjon og friluftsliv i pressområde

Ikkje alle har tradisjon for å vera fysisk aktive. Ei utfordring vert korleis ein kan gje nye grupper kunnskap, motivasjon og positiv erfaring med fysisk aktivitet, slik at dei i neste omgang sjølv vel å nytta aktivitetstilboda som finst.

Det handlar ikkje berre om anleggsutvikling og organisert idrett. Gjennom tilrettelegging for spontan og/eller eigenorganisert aktivitet (turstiar, badeplassar osv.) vil ein gjere aktive val enkle. Vidare skal omsynet til universell utforming vere ein faktor i all tilrettelegging for fysisk aktivitet.

Omsynet til folkehelsearbeidet og universell utforming skal ikkje fortrenge fokuset på barn og unge, lag - og organisasjonsidrett og friluftsliv, men skal derimot vere retningsgjevande for dette arbeidet.

### 4.3 NATUR, MILJØ OG ESTETIKK

Det er ein nær samanheng mellom natur, miljø, estetikk og fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv. Natur, luftkvalitet og støyreduksjon er viktige trivselsfaktorar. Tilrettelegging av gode ferdselsårer for mjuke trafikantar har positiv effekt både på folkehelsa og miljø dersom desse vert lagd i t.d. grøntstruktur. Estetikken og opplevinga av idrettsanlegga og friluftsområda i kommunen er også avhengige av vedlikehald og skjøtsel. Dette er avgjerande for bruken, og dermed for folk sitt aktivitetsnivå og helse. Det visuelle og det miljømessige må vektleggjast, mellom anna ved å leggja til grunn rettleiarar for miljø og estetikk utgjeve av kulturdepartementet.

### 4.4 BYGGING AV ANLEGG

Målet med bygging og rehabilitering av idrettsanlegg, er å gje flest mogeleg høve til å driva idrett og fysisk aktivitet. Fleire av kommunen sine anlegg er av eldre dato, og held ikkje mål i høve til dagens behov. Rehabilitering er ein føresetnad for fortsett drift. Både i eit samfunnsøkonomisk og miljø messig perspektiv, vil det ofte vera meir lønsamt å rehabilitera framfor å byggja nye anlegg. På Stord har me i dag 3 idrettsparkar, Vikahaugane idrettspark, Prestagardsskogen idrettspark og Nysæter idrettsanlegg. Det er ikkje spela inn trong for nye areal i denne planen.

I dag er fotballbanar og isbanar opne mest heile året, grønne grasmatter (kunstgras) om vinteren og islagde banar om sumaren. Lyssetting av alle typar uteanlegg gjev og auka brukstid.

Tilrettelegging av gang- og sykkelveggar medverkar til at born og vaksne i større grad går eller sykklar

til skulen, jobben og til fritidsaktivitetar. Kommunen sin trafiksikringsplan legg opp til å leggja til rette trafiksikre tilkomstlar til skulane.

Miljøverndepartementet vektlegg sikring av grøne område, i byar og tettstadar spesielt. Dette bidreg til å betra miljøet, og gir høve for tilrettelegging av kreative aktivitetar i nærleiken/der kor folk bur. Stord kommune har utarbeidd ei grøntstrukturplan som legg opp til samanhengande turvegar/løyper.

Bevaring av det biologiske mangfald er ei overordna målsetjing i den nasjonale miljøpolitikken. I arbeidet med tilrettelegging av område og anlegg for friluftsliv skal det biologiske mangfald takast omsyn til. I konfliktsaker mellom naturvern og biologisk mangfald på den eine sida, og idrett- friluftsliv på den andre kan fylkesmannen si miljøvernvedlegg vera vegleiar.

Stord kommune har per i dag ingen konkrete utbyggingsplanar for nye idrettsanlegg. Det er likevel fleire innspel på nye prosjekt; som fleirbrukshall i Sagvåg, ny hall på Vikahaugane (som erstatning for rackethallen), tennishall, kampsporthall, tak over skeisebanen og innandørs fotballanlegg. Samlokalisering eller tilknytning til skular må vurderast i kvart einskild tilfelle, mellom anna med tanke på arealeffektivisering og driftskostnader.

Det er mange anlegg på Stord, men fleire av dei er byrja verte gamle og slitne. Fokuset dei neste åra må kanskje derfor vera på rehabilitering, betre drift og vedlikehald av eksisterande anlegg, heller enn å byggja nye. Ny aktivitet i eksisterande anlegg kan og vera ei aktuell løysing.



#### 4.5 ROLLE OG ANSVARDELING

Det må gjerast ei utgreiing knytt til framlegging av modellar for rollar og ansvarslinjer mellom Stord kommune og dei frivillige organisasjonane i høve eigarskap, utvikling, drift og vedlikehald av anlegg for idrett og fysisk aktivitet. I utgreiinga bør ein ta omsyn til sentrale føringar, t.d. for spelemidlar, MVA-reglar, sjå til praksis i andre kommunar og drøfte kva som er føremålstenleg for Stord kommune og dei lokale frivillige organisasjonane. Utgreiinga må også sjå til utfordringane dei frivillige organisasjonane møter, t.d. knytt til endring i dugnadsanda.

Friviljug arbeid og dugnadsand i norsk organisasjonsliv er i endring og tilbakegang. Dette er ein trend me ser både nasjonalt og i kommunen. Mange gjer ein stor innsats for idretts- og lagslivet i kommunen, men ein ser at det er utfordringar med å få folk til å stilla til dugnad og til verv i organisasjonane. Dette gjev igjen utfordringar med å få til verdibevarande drift og vedlikehald.

Sjølv om det kan vere føremålstenleg for Stord kommune å sjå på relasjonane til heile spekteret av frivillige lag og organisasjonar i kommunen, vil denne utgreiinga avgrensast til lag og organisasjonar knytt til idrett og idrettsanlegg. Det skal skaffast fram ei oversikt over alle idrettsanlegga og eigarskap knytt til desse, kva idrettslag som er involvert og kommunen si rolle.

Vidare har uklåre rammer mellom kommunen og idrettslag knytt til eigarskap, drift og vedlikehald av anlegga vist seg å vere ei utfordring ved fleire høve. Aktivitet er vorte kommersielt, ein lyt og sjå på kva privatmarknaden som til dømes helsestudio/treningssentra byr på.

Ut i frå desse perspektiva er det naudsynt å sjå nærare på kommunen sitt framtidige tilhøve til frivillige organisasjonar og private aktørar når det gjeld rolle-, oppgåve- og ansvarssdeling.

Det må avklarast korleis dei frivillige organisasjonane nyttar idrettsanlegga, og om fleire kan nytte dei ved å auke omfanget av timeleige framfor dagleige. Vidare bør ein sjå på arbeidsdelinga og retningslinene for utleige av anlegga, m.a. med omsyn til trong, gratisprinsippet og ei mogleg styrking av Stord idrettsråd si rolle og ansvar.

I Stord kommune er det 38 lag, 6778 medlemar der 5552 er aktive medlemar – jf. vedlegg nr 6. Oversikt lag og medlemar for 2013 er oversendt frå Hordaland idrettskrets. I tillegg kjem Stord Fitjar Turlag (907 medlemar) og Stord jeger og Fiskerforening med om lag 300 medlemar. Vidare er det fleire ulike grupper som arrangerer turar.

#### 4.6 FORVALTNING, DRIFT OG VEDLIKEHALD

##### 4.6.1 Generelt

forvaltning, drift og vedlikehald av anlegg for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv skjer i eit samspel mellom det offentlege, private, lag og organisasjonar. Spelemiddelfinansiering medfører plikter for bruk, drift og vedlikehald. Lag- og organisasjonar legg årleg ned vesentlege ressursar i og yter stor friviljug innsats som kommunen vanskeleg kan erstatte.

Kommunen betalar årleg leige for at grunnskulane brukar idrettsanlegga på Vikahaugane. Kommunedelplanen legg ikkje opp til større endringar i drift og vedlikehald av kommunale anlegg med omsyn på ansvarsforholdet. Planlagde tiltak vil føra til noko ekstra årlege utgifter til drift og vedlikehald.

Det er bygt ballbingar ved dei fleste skulane i kommunen, og det er utarbeidd egne avtalar for desse, der det er andre enn skulen/kommunen som er byggherre. Kommunen har likevel ansvar for anlegga. Det skal lagast ein rehabiliteringsplan for nærmiljøanlegga

i kommunen. Kommunen bør utarbeida ein samla vedlikehaldsplan for anlegga.

Det har gjennom mange år vore fokus på planlegging/bygging av nye anlegg. Dette er inspirerende og spanande, og eit uttrykk for behov og ønskje innanfor idretten. Samstundes ser ein at ressursbruken på å ivareta eksisterande anlegg har avteke, noko som medfører tiltakande utfordringar. Ved rullering av budsjett og økonomiplan er det viktig å ha merksemda både på drifts-, vedlikehalds og investeringskostnader.



##### 4.6.2 Idrett

I Stord kommune er det om lag 220 eksisterande idrettsanlegg. Fleire kommunale anlegg vert drifta i samarbeid mellom idrettslag og kommunen. I 2013 hadde Stord kommune følgjande forbruk/utgifter til drift og vedlikehald på desse idrettsanlegga:

Stad/bygning	Drift/ vedlikehald
Prestagardsskogen fleirbrukshall	317.000,-
Prestagardsskogen garderobe	129.000,-
Prestagardsskogen pistolbane	33.500,-
Nysæter garderobe	103.500,-
Sum	583.000,-

Det kommunale føretaket sin utgifter til drift og vedlikehald av fotballbanar, turstiar og andre friluftsliv og idrettsanlegg m.m. ut over direkte tilskot er ikkje spesifisert i rekneskapen.

For 2014 har kommunestyret løyvd kr 800.000 til Stord Idrettspark AS (SIP) til drift av idrettshallane mv på Vikahaugane.

### 4.6.3. Friluftsliv

Anlegg for friluftsliv vert drifta av Friluftsrådet Vest og kommunen. Nokre anlegg vert drifta i samarbeid med lag og organisasjonar. Kommunen yter eit årleg tilskot til Friluftsrådet Vest.

Stord har ei rekkje flotte friluftsområde. Viktigast i framtida vert å sikra tilkomst og heva kvaliteten på områda, då kan fleire vera med. Lyssetjing av områda/turvegane gjer at brukartida aukar. Målsetjinga om at folk skal kunna nå eit friområde 500 meter frå der dei bur er sentralt når nye felt vert planlagt/realisert. Stader der det manglar slike turvegar/stiar lyt prioriterast. Det er viktig i høve folkehelsa og miljøet vert spara då ein ikkje treng bruka bil for å koma seg ut på tur. Oppsetting av bord/benkar slik at det er høve til å kvila er og viktig.

Stord – Fitjar Turlag har laga turkart i målestokk 1:50 000, elles har orienteringsgruppa i Stord idrettslag digitalisert det meste av kommunen slik at det er lett å plotta ut kart over aktuelle turområde. Dei har og

publisert ei rekkje trykte kart, men desse er byrja verte gamle og opplaga er utseld. Å følgja grøntstrukturplanen for å knyta saman ulike friområde og heva standarden på dei lyt prioriterast. Å ha eit universelt friområde i kvar bydel kjem att som mål i perioden. Sidan Stord er ei øy og me har fleire elvar og vatn vil tilrettelegging for kajakk og kanopadling kunna føra til auka aktivitet.

Det er ikkje kome innspel om sikring av nye område i perioden, men det er viktig å sjå til at store nok og kvalitetsmessige område vert sikra ved utbygging. Ferdelsårer som fører ut i friområda må og vera på plass.



## 5 Anleggsstatus og aktuelle prosjekt

5.1 Generelt.....	25	5.2.16 Helsesport og trim/treningscenter.....	29
5.2 Idrett og idrettsanlegg.....	25	5.2.17 Båtsport.....	29
5.2.1 Fotball.....	25	5.3 Natur- og friluftsanlegg .....	30
5.2.2 Friidrett .....	26	5.3.1 Turvegar/turstiar.....	30
5.2.3 Vinteridrettar.....	26	5.3.2 Toalettanlegg.....	31
5.2.4 Handball.....	26	5.3.3 Badeplassar .....	31
5.2.5 Sandvolleyball.....	27	5.4 Nærmiljøanlegg og aktivitetsområde .....	31
5.2.6 Kampsportidrettar .....	27	5.4.1 Ballbingar .....	31
5.2.7 Racketidrettar .....	27	5.4.2 Aktivitetsløyper/anlegg .....	32
5.2.8 Turn .....	27	5.4.3 Klatreveggar .....	32
5.2.9 Andre innandørsidrettar .....	27	5.4.4 Skateboard.....	32
5.2.10 Skyting .....	28	5.4.5 Andre nærmiljøanlegg.....	32
5.2.11 Symjing .....	28	5.5 Godkjenning og finansiering av	
5.2.12 Hestesport.....	28	bygg og anleggstiltak.....	33
5.2.13 Motorsport.....	29	5.5.1 Statlege tilskot.....	33
5.2.14 Andre idrettar .....	29	5.5.2 Andre tilskot.....	34
5.2.15 Idrettsbygg.....	29		

# 5 Anleggsstatus og aktuelle prosjekt

## 5.1 GENERELT

Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet 2015-2025 omhandlar tre tema, kvart med eigen tiltaksdel:

- Idrett og idrettsanlegg
- Natur- og friluftsanlegg
- Nærmiljøanlegg og aktivitetsområde

Ved fleire høve vil tema i planen ligga nært opp til andre planar og fagområde, t.d. kultur, helse, trafikktryggleik og fysisk aktivitet i skulen. Det er i slike høve viktig å gjere avgrensingar, særleg med omsyn til tiltaksdelen i planen, samstundes som ein viser korleis ulike temaplanar og fagområde er knytt saman. Korleis ein kan auka den fysiske aktiviteten, kjem som tema under kvart av temaområda.

I samarbeid med Stord idrettsråd og Friluftsrådet Vest er det gjort kartlegging av trongen knytt til både idrettsanlegg, friluftsområde og turstiar. Frå førre plan føreligg det allereie ei oversikt over behovet for parkeringsplassar knytt til friluftsliv. Kommunen har eigen grøntstrukturplan, og igangsett prosjekt om kartlegging av lokale friluftsområde. Overføre data er henta frå andre relevante kommunale planar.

## 5.2 Idrett og idrettsanlegg

Anleggsstrukturen og aktivitetsprofilen innan idrett og fysisk aktivitet er relativ tradisjonell i Stord kommune. I eit folkehelseperspektiv er og dei offentlege idrettsanlegga sett på som helsetilbod. Barn og unge er ei prioritert gruppe.

### 5.2.1 Fotball

I Stord kommune er det 20 godkjente fotballbanar av ulik kvalitet og storleik.

Namn	Type	Storleik
Vikahaugane	Kunstgras	60*100
Nysæter	Kunstgras	60*100
Langelandsbanen	Kunstgras	60*98
Prestagardsskogen	Kunstgras	60*100
Nysæter	Kunstgras	40*60
Hystadbanen	Kunstgras	50*60
Aktivitetsflate Nordbygdo ungdomsskule	Kunstgras	40*60
Prestagardsskogen	Kunstgras	40*60
Rommetveit HSH	Kunstgras	40*60
Stord stadion	Gras	60*100
Prestagardsskogen	Gras	60*100
Huglo	Gras	35*65
Nysæter	Grus	60*100
Nesbanen	Grus	40*60
Huglo skule	Grus	20*30
Valvatnafeltet	Grus	
Trodlahaugen	Grus	35*50
Bjarnebakkjen	Grus	15*30
Fjellgardane	Grus	20*22
Nysæterstølen	Grus	15*20
Leirvik skule	Grus	15*25

I tillegg er det mindre speleflater ved nokre av skulane og i byggjefelta rundt om.



### Aktuelle prosjekt:

Det er planar om å rehabilitera Hystadbanen i 2017, det er sett av 3,0 millionar kr til tiltaket i gjeldande økonomiplan.

På grunn av slitasje må Hystadbanen rehabiliterast i planperioden. Hordaland fotballkrets har tidlegare tilrådd at det skal vera ein grasbane/naturgrasbane per 5000 innbyggjarar. I Stord kommune er det 4 store kunstgrasbanar (60x100) og 2 naturgrasbanar (60x100) – i alt 6 banar. I tillegg er det fleire 7;ar banar med kunstgrasdekke. Behovet for natur- og kunstgrasbanar er stetta i perioden. Drift av kunstgrasbanane vinterstid med brøyting/snømåking er ei utfordring.

Stord idrettslag har lansert tanken om ein innandørs fotballhall, området på austsida av grasbanen på Vikahaugane er regulert til føremålet. Trott ynskjer å gjera om grasbana i Prestagardsskogen til kunstgras. Solid ynskjer kunstgras på grusbana ved Nysæter ungdomsskule, Nesbana og i Valvatnafeltet.

### 5.2.2 Friidrett

I Stord kommune er det fullverdig friidrettsanlegg på Vikahaugane med kunststoffdekke på løpebanane. Dekket er nylegreasfaltert. Innandørs i nyehallen på Vikahaugane er det 60 meter sprintbane med kunststoffdekke. Dekket vert bytta i 2014. Langs aktivitetsbanen ved Nordbygdo ungdomsskule er det etablert 60 sprintløpebane med kunststoffdekke. Langs fotballbanen på Nysæter er det etablert 100 meter sprintbane med kunststoffdekke. Her er også lengdegrop.



**Aktuelle prosjekt:** Det er ikkje meldt om planar for nye anlegg for friidrett. Det kan vera aktuelt å laga ein rehabiliteringsplan for andre deler av friidrettsanlegget på Vikahaugane. I løpet av planperioden vil det truleg vera naudsynt med rehabilitering av anlegget på Nysæter og uteanlegget på Vikahaugane. Behovet for friidrettsanlegg i Stord kommune synest stetta med dei anlegga ein har per dato.

### 5.2.3 Vinteridrettar

Organisert trening og turgåing på ski føregår i Lysløypa ved Lundarstøl og elles i oppkjørte skiløyper oppover mot og på Heio - til saman over 20 km. Traséane på Heio vart oppgradert i 2014. All løypekjøring er dugnadsbasert, og det er fri tilgjenge i alle løyper. Alpinaktivitet skjer ved hjelp av oppsett mobiltrekk ved gode snøtilhøve. Dette har skjedd på Heio, men ein jobbar no med å flytta det ned i Lundekollen. Skileik og aking føregår på Lundarstøl.

**Aktuelle prosjekt:** Lysløypa ved Lundarstøl er frå 80-talet og treng oppgradering. Det gjeld både kurvatur, breidde og lysanlegg. Kablar for lys lyt gravast ned og inkludera tilleggstraseane ved skihytta og opp til Lundsseter kraftstasjon. Tilkomst til Heio må av tryggleiksgrunnar få avlastning eller utviding. Vegen frå Fjellstova, både mot parkeringsplass for lysløypa og mot Lundarstøl, må utvidast, også det av tryggleiksgrunnar. Traséane på Heio kan utvidast ytterlegare, både med utviding mot nord og med rundløype ned frå «Austrunden» til nedra Heio.

Anlegg og arenaer for alpint, hopp, aking og skiskyting er det marginal interesse for, og ingen reelle planar om utvikling ligg føre. Skiorientering kan arrangerast i eksisterande skiterreng.

### 5.2.4 Handball

Etter fotball er handball den største konkurranseidretten i Stord. Handballen er difor den største brukaren av hallane på Vikahaugane. I Stord kommune er det 3 handballhallar – Prestagardsskogen fleirbrukshall, ny og gamal hall på Vikahaugane. I hallane er det, i tillegg til speleflate, dusj og garderobar, etablert styrkerom (50 m<sup>2</sup>) og sosialt rom (100 m<sup>2</sup>). Det er ikkje bygd sandhandballbanar i Stord kommune. Det er utandørs handballbane ved skulane Rommetveit og Sagvåg.



**Aktuelle prosjekt:** Det har vore lansert planar om ny stor fleirbrukshall for Sagvågsområdet. Det vert nytta eit normtal at det bør vera ein fleirbrukshall per 5000 innbyggjarar. Litlabøhallen er seld. Rackethallen har ei forventet levetid på 3 år, og må erstattast med ny hall i planperioden. Her ser ein for seg ein hall som også inneheld anlegg for tennis og kampsport mv.

### 5.2.5 Sandvolleyball

Det er sandvolleybane på Vikahaugane og ved Nordbygdo ungdomsskule.

**Aktuelle prosjekt:** Det er planar om å flytta anlegget på Vikahaugane. HSH ynskjer å etablere nybane ved anlegget sitt på høgskulen. Etablering av sandvolleybanar knytt til badeplassar/friområde kan vera aktuelt i planperioden.

### 5.2.6 Kampsportidrettar

Som kampsportidrettar vert rekna karate, taekwondo, judo, boksing og fekting. Desse idrettane har ikkje eigne hallar for sine idrettar. Judoklubben trenar i gymsalen ved Hystad skule og karateklubben nyttar Tjødnalio skule.

**Aktuell prosjekt:** Det har vore arbeid med planar om eit tilbygg til nyhallen på Vikahaugane og på Vabakkjen. Det er trong for eit areal på om lag 200 m<sup>2</sup> med takhøgde på minimum 3,65 meter. Då det ikkje vart semje om kven og korleis drifta av anlegget skulle vera for anlegget, vart planane lagt til side. Kampsportane i Stord kommune har mange medlemmar. Det er lagt fram planar om eigen hall for desse idrettane, eller i kombinasjon med andre idrettar som til dømes ny rackethall.

### 5.2.7 Racketidrettar

Racketidrettane omfattar tennis, badminton og bordtennis. Det er utandørs tennisbane på Vikahaugane. Rackethallen vart bygd for tennisidrettane. Denne hallen er av huseigar vurdert som ubrukeleg om nokre år på grunn av skadar i berande konstruksjonar. Bordtennisklubben har innreia lokale i bassengområdet i gamle hallen på Vikahaugane. Dette vert rekna som eit mellombels tiltak inntil ny hall er bygd.

**Aktuelle prosjekt:** Stord tennisklubb har arbeid med planar om hall over utandørs tennisbanen på Vikahaugane. For å kunna spela tennis heile året ynskjer dei seg ein hall. Ei samlokalisering med ny Rackethall på Vikahaugane kan vera føremålstenleg.

### 5.2.8 Turn

I nyhallen på Vikahaugane er det fullverdig regionsanlegg for turn.

**Aktuelle prosjekt:** Turnhallen på Vikahaugane vert rehabilitert i 2014/2015. Planane er godkjent av kulturdepartementet, og det er løyvd midlar til tiltaket. Det synest ikkje vera behov for nye anlegg for turnidretten, men turnelement/apparatur vert implementert dersom ein byggjer nye gymsalar/fleirbrukshallar.

### 5.2.9 Andre innandørsidrettar

Andre innandørsidrettar er mellom anna: Vektløfting, streetbasket/-rullestolbasket, volleyball og sjakk. Ved Sagvåg skule er det bygd volleyballhall 16x24 meter med ei takhøgde på 7 meter. Fleirbrukshallen i Prestagardsskogen og hallane på Vikahaugane vert også nytta til basketball og volleyball. Elles er det gymsalar ved følgjande skular: Rommetveit, Hystad, Leirvik, Langeland, Tjødnalio, Litlabø og Huglo. Desse vert mykje nytta på kveldstid til ulike trimaktivitetar.



Dei fleste gymsalane har eit areal på 200 m<sup>2</sup>. Sjakk er vorte ein svært populær idrett dei siste åra. Det er ingen planar om nye mindre hallar eller utviding av gymsalar ved skulane for andre innandørsidrettar. Vektløfting, streetbasket-/rullestolbasket og sjakk kan utøvast i hallar og gymsalar. Stord kommune har eit mangfaldig idrettsliv, men innandørsaktivitetane er dominert av handball. Fleirbrukshallen i Prestagardsskogen og volleyballhallen ved Sagvåg skule er planlagt for mange ulike innandørsaktivitetar. Nye hallar må byggjast som fleirbruks-/sambbrukshallar for å gje plass til andre innandørsidrettar.

### 5.2.10 Skyting

I Stord kommune er det ein utandørs skytebane på Isdal inkludert leirdueskyting. Anlegget vart teke i bruk i 2003 og har moderne opplegg for skyteaktivitetar. Anlegg på Isdal er eigd og vert drive av Stord skyttarlag. I Prestagardsskogen er det innandørs pistolanlegg som leiger lokale av kommunen, og driftar anlegget sjølv.

**Aktuelle prosjekt:** I 2006 vart det arbeid med planar for innandørs skyteanlegg på Vikahaugane. Planane vart ikkje realisert. Det er ingen planar om nye anlegg for skyting i Stord kommune. Med det moderne anlegget på Isdal med elektroniske skiver synes behovet å vera dekt i planperioden.

### 5.2.11 Symjing

I Stord kommune er det tre symjeanlegg – Kulturhuset, Stord rehabiliteringssenter og Nysæter ungdomsskule. Bassenget i Kulturhuset er 25x12,5 meter, rehabsenteret 12,5x10 meter og Nysæter 12,5x10 meter. Bassenget i rehabsenteret er varmt basseng. I bassengområdet i Kulturhuset er det etablert ei vass-sklie. Det er trong for rehabiliteringsplan for anlegget. Bassenget tilfredsstiller ikkje krava til opplæringsbasseng då det er for djupt. Bassenga på Vikahaugane og ved høgskulen på Rommetveit er avvikla.

**Aktuell prosjekt:** Det har vore lansert planar om badeanlegg knytt til Kulturhuset. Desse planane er ikkje vidareført. Det er elles ingen planar om å gjenopna bassenget på Vikahaugane. For bassenget i Kulturhuset er det trong for ein rehabiliteringsplan. Elles er det ingen planar om bygging av nye symjebasseng i kommunen. Norges svømmeforbund (NSF) si behovsvurdering tilseier at det bør vera eit 25-meters basseng per 10.000 innbyggjar for å dekke opplæring i skule idrett, funksjonshemma og eigenorganisert fysisk aktivitet. Stord symjeklubb har stor aktivitet og nyttar bassenget i Kulturhuset til sine aktivitetar. Bassenget i Kulturhuset treng rehabilitering, og det er lagt inn 12,8 millionar kr i økonomiplanperioden 2014-2017. Opprusting av bassenget inngår i denne summen i 2015-budsjettet.

### 5.2.12 Hestesport

Det er bygd nytt moderne hestesportssenter på Tyse med hestesportsløype. Anlegget har regional status og er eigd og vert drive av Stord Hestesportsenter.

**Aktuelle prosjekt:** Det er ingen planar om andre slike anlegg i Stord kommune i planperioden. Behovet for anlegg for hestesport er dekket med anlegget på Tyse. Anlegget har stor aktivitet. Planar om utviding er alt diskutert og kan verte realisert i løpet av planperioden.



### 5.2.13 Motorsport

Motocross anlegget i Hustrudalen er stort sett ferdigstilt, og det vart løyvd kr 2,0 mill kr i budsjettet for 2014.

**Aktuelle prosjekt:** Det ligg ikkje føre andre planar om anlegg for motorsport, og det er ikkje meldt inn behov for fleire anlegg.

### 5.2.14 Andre idrettar

Andre idrettar omfattar mellom anna segling, windsurfing, squash, bowling, inne bandy, skeising, sykling, golf, bogeskyting, fekting, boccia og petanque.

**Aktuelle prosjekt:** Stord seglforening arrangerer seglsalar i området rundt Stordøya. Windsurfing kan utøvast der det er høve til det. På Vikahaugane er det bygd squashhall. Det er privat bowlinghall på Heiane. Det er bygd utandørs skeiseanlegg på Vikahaugane. Stord sykleklubb driv godt og aktivt. Det ingen banar lagt til rette for sykling. Det er etablert to golfbanar på Stord – Prestagarden i Nordbygdo og i Eldøy/Langelandsområdet. Begge anlegga er i privat eige og drift. Det er ingen eigne anlegg for bogeskyting, fekting og innebandy. Desse aktivitetane kan utøvast i eksisterande hallar og gymsalar. Det er ingen petanque banar i Stord kommune. Ved arrangement/konkurransar vert det laga mellombelse anlegg. Det vert arbeid med å byggja tak

over utandørs skeiseanlegget på Vikahaugane. Planane er i ein tidleg fase. Elles er det ikkje meldt om aktuelle planar for overfor nemnte aktivitetar i Stord kommune. På grunn av ustabil klima, forureining av isflate, lite føreseielege opningstider og høge driftsutgifter, er det laga planar for takoverbygg på skeisebanen. Elles er det i planperioden ikkje behov for eigne anlegg for dei andre idrettane.

### 5.2.15 Idrettsbygg

Idrettsbygga har fellesfunksjonar for fleire anlegg/idrettar:

- Garderobebygg og lager ved Nysæter idrettsanlegg
- Klubbhus Solid på Nysæter
- Sekretariatsbygget på Vikahaugane
- Garderobebygg og lager Vikahaugane
- Lagerbygg Stord stadion
- Garderobebygg Prestagardsskogen
- Varmestove ved skeiseanlegget på Vikahaugane
- Klubbhus på Vikahaugane

**Aktuelle prosjekt:** Det er planar om klubbhus for IL Trott i Prestagardsskogen, garderobebehov og lager på Langelandsbana og klubbhus for fotballgruppa i Stord på Vikahaugane i tilknytning til nytt garderobebygg og lager. Motocross klubben har planar om klubbhus/garasje i Hustrudalen. Utover dette er det ikkje meldt inn behov for andre nye idrettsbygg.

### 5.2.16 Helsesport og trim/treningscenter

I Prestagardsskogen er det etablert ei 1,5 km lang helsesportsløype. Løypa er mykje nytta til turgåing og trim. Løypa vart rehabilitert i 2014. Stord/Fitjar turlag driv aktivt med organiserte turar i nærområdet og i fjellheimen i Sør Noreg. Turlaget er med på å leggja til rette for fysisk aktivitet ved å merka løyper, byggja bruer, fiksa turstiar og byggja gapahukar mv.

Gang- og sykkelvegane langs fylkesvegane er mellom dei mest brukte anlegga for fysisk aktivitet i kommunen. Det er difor viktig at desse og sikrar god og trygg tilkomst til dei ulike anlegga for idrett og fysisk aktivitet. På Stord er det 3 aktive treningscenter – eit i sentrum og to på Heiane. Treningscentra er eigd og vert drivne av private.

**Aktuelle prosjekt:** Det er ikkje meldt om aktuelle planar for helsesport/trim og nye treningscenter. Det er spelt inn ynskje om naturtreningsområde ved/langs turløypene. Det er avgjerande at Stord/Fitjar turlag føl opp med vidare rydding og merking av turløyper i fjellet. Behov for naturtreningsområde vert vurdert i kvar einskile tilfelle.

### 5.2.17 Båtsport

**Aktuelle prosjekt:** Eldøy båtlag har planar om båtsportssenter på sitt område på Eldøyane. Det ligg føre godkjente planar for båtsportssenteret, men prosjektet er ikkje vidareført. Det er ikkje meldt trong for nye anlegg i planperioden.



”fyrtårnssatsingar” som kan setje Stord kommune på kartet som arena for aktive naturopplevingar.

I økonomiplanperioden 2014-2017 er det sett av 2.35 mill kroner til turstiar og park/friluftsareal.

### 5.3.1 Turvgar/turstiar

I Stord kommune er det mange og svært gode turstiar/turvegar. Dei mest sentrale stiane/vegane er:

- Hystadmarkjo
- Landåsen
- Skjepåsen
- Tyse/Fjellgardane/Sjoalemyro
- Tursti Ådlandsvatnet - austsida
- Rommetveit skule
- Helsesportsløypa i Prestagardsskogen
- Hustrudalen/Rødkleiv
- Hustrudalen/Nysæter
- Veg til Heio/Fossabrekko/Kattnakken
- Turveg Frugardselva
- Gullberg/Håklubben
- Tursti på Huglo

### 5.3 NATUR- OG FRILUFTSANLEGG

Friluftsliv og naturbaserte fritidsaktivitetar har ein godt dokumentert effekt på fysisk og psykisk helse, og har innverknad på stressreduksjon, livslengde og livskvalitet. I eit folkehelseperspektiv bør det derfor bli oppmuntra til å få fleire ut i naturen. Auka aktivitet blant dei som allereie deltar vil ha gunstig effekt, men den største samfunnsmessige helsegevinsten ligg i å få fleire ut i naturen. God tilrettelegging for fotturar og sykkelurar kan vere spesielt gunstig, fordi dette er lågterskel aktivitetar som nærast alle, uavhengig av økonomi, alder og fysisk form, kan gjennomføra.

Stord kommune har flotte naturområde som gjev høve til eit mangfald av aktivitetar, men ikkje alle områda er like lett tilgjengelege. Ulike tilretteleggingstiltak kan auke tilgjengelegheita for fleire. Det er gjort ei utgreiing knytt til trong for parkeringsplassar ved turvegar / stiar.

Å etablere parkeringsplassar nær friluftslivområde vil gjere det enklare å nytte seg av tilboda og unngå parkering på privat grunn i nærområdet. Det vil såleis vere eit gode for alle partar, og gjere Stord kommune meir attraktiv for innbyggjarar og turistar.

Vidare vil utbetring av sanitærforhold og rullestolrampar, t.d. ved badeplassar, auke tilgjengelegheita for mange. Tilrettelegging vil også dreie seg også om å utvide turnettet i kommunen, rydding og merking av turstiar, informere og marknadsføre breidda i aktivitetstilbod, som t.d. turstiar med kulturelle innslag. Planen tek sikte på å tilrå areal for turstiar som bør bli innarbeida i arealplan ved rullering.

Tilrettelegging for naturbaserte aktivitetar og opplevingar er område der Stord kommune har eit stort utviklingspotensiale. Ein kan vurdere å gå i gang med

### Aktuelle prosjekt:

Det er planar om bygging av tursti rundt Ådlandsvatnet. Avtale med grunneigarane er på plass og det er løyvd statlege midlar til tiltaket. Det vert elles vist til kommuneplanen – Delmål 6.

Frå Klingenbergkaien til båthamna i Sævarhagen er det utarbeidd reguleringsplan for turveg. Planen er lagt på høyring i våren/sumaren 2014. Det er ikkje fastsett noko tidspunkt for eventuell gjennomføring av dette prosjektet. Det vil vera trong for nye turstiar/turvegar i kommunen. Eventuelt nye forslag vil verta vurdert fortløpande.

### 5.3.2 Toalettanlegg

Det er etablert toalettanlegg ved Ådlandsvatnet, Breivikjo (Rommetveit), Sætravikjo, Sponavikjo, Hystadmarkjo.

**Aktuelle prosjekt:** Sætravikjo anlegget vart stengt grunna dårleg forfatning så her er planar om nytt på same lest som ved Ådlandsvatnet og Breivikjo. Vidare utbygging av toalettanlegg vert fortløpande vurdert.

### 5.3.3 Badeplassar

Dei mest kjente badeplassane i kommunen er Sponavikjo, Ådlandsvatnet, Breivikjo, Sætravikjo, Dagfinnsvikjo, Melkevikjo (Hystadmarkjo), Apalvikjo (Hystadmarkjo), Vikesanden (Huglo), Nautøyo, Fletaneset, Alnavågen, Vaskeriplanet, Båtsvikjo, Fuglavikjo, Todlaneset, Kyvikjo og Hystadvikjo. (Område merka med feit skrift vert forvalta av Friluftsrådet Vest).

**Aktuelle prosjekt:** Det ligg ikkje føre aktuelle planar for etablering av nye badeplassar i kommunen. Det er likevel kome eit innspel om å etablere ein badeplass m.m. ved Sæbø gard. Trongen for badeplassar i Stord kommune er godt dekkja med dei plassane ein har i dag, men fasilitetar som badeflåtar, bryggje, utlegging av sand, stupetårn, rampar, bord og benkjer mm må vurderast.

## 5.4 NÆRMILJØANLEGG OG AKTIVITETSOMRÅDE

Det er etablert nærmiljøanlegg i fleire buområde på Stord, i hovudsak ballbingar. Det er likevel knytt utfordringar i høve støy mot nabolaget for slike anlegg, noko som må takast omsyn til. Vidare er det etablert nærmiljøanlegg i barnehage- og skuleområde, både ballbingar og andre aktivitetsanlegg. Det er naturleg å halda fram med utbygging av slike aktivitetsanlegg. Det er og viktig å etablere aktivitetsanlegg som mellom anna den uorganiserte delen av befolkninga vil ha nytte av.

### 5.4.1 Ballbingar


Det er etabler ballbingar ved følgjande skular:

- Litlabø
- Sagvåg
- Tjødnalio
- Langeland
- Leirvik
- Hystad
- Rommetveit

I tillegg er det bygd ballbinge i Kviteluren, Kåreviksmarka, Ås og Nysæter idrettspark.

**Aktuelle prosjekt:** Det er plan om ny ballbinge i Valvatnafeltet. Trott ynskjer ballbinge i Prestagards-skogen.

Med 11 ballbingar og 2 planlagde fordelt rundt i kommunen, er trongen for ballbingar hovudsakleg stetta i planperioden. Dersom det kjem nye søknader vert desse vurdert fortløpande. Rehabilitering av eksisterande vert sentralt i perioden.





#### 5.4.2 Aktivitetsløyper/anlegg

Det er etablert aktivitetsløyper/anlegg fylgjande stader:

- Prestagardsskogen
- Bandadalsparken
- Ådland
- Tjødnalio barnehage
- Skogatufto barnehage
- Sagvåg skule
- Nordbygdo ungdomsskule
- Litlabø skule
- Nysæter idrettsanlegg

**Aktuelle prosjekt:** Det er ikkje meldt inn planar om nye aktivitetsanlegg. Det vil vera trong for nye eller rehabilitering av eksisterande aktivitetsanlegg, og eventuelle søknader vil verta vurdert fortløpande.

#### 5.4.3 Klatreveggar

Det er etablert klatrevegg i nyehallen på Vikahaugane og utvendig klatreanlegg ved Leirvik skule. Det er og ein liten vegg ved Hystad skule.

**Aktuelle prosjekt:** Det er ikkje meldt inn ynskje om buldrevegg på Vikahaugane. Utvendig større klatreanlegg kan verta aktuelt å etablera. Stad ikkje fastsett.

#### 5.4.4 Skateboard

Det er bygd skateboardanlegg i Prestagardsskogen og Bandadalsparken.

**Aktuelle prosjekt:** Det er planar om bygging av skateboardanlegg på Vikahaugane (ved Vikastemmo). Det er ingen skateboardanlegg i Sagvågs-/Litlabøområdet. I planperioden vil det vera trong for eit skateboardanlegg på Vikahaugane og Sagvågs-/Litlabøområdet.

#### 5.4.5 Andre nærmiljøanlegg

Andre nærmiljøanlegg som er bygd: Akebakke på Vikahaugane

**Aktuelle prosjekt:** Parkour er ein veksande idrett, og Stord er ein av få kommunar som har dette integrert i Kulturskulen, eigna anlegg for dette bør byggjast. Ved utbygging av ny Stord ungdomsskule på Vikahaugane kan det vera aktuelt å byggja mindre aktivitetsanlegg på skulen sitt uteområde, jf. forprosjektet for ny ungdomsskule «Kongane på haugen». Trong for andre aktivitetsanlegg må vurderast i planperioden.

## 5.5 GODKJENNING OG FINANSIERING AV BYGG OG ANLEGGSTILTAK

### 5.5.1 Statlege tilskot

Spelemidlar til anlegg for idrett og fysisk aktivitet er heimla i Lov om pengespill mv (pengespillova) av 28. august 1992.

Det vert gitt spelemidlar til bygging og rehabilitering av anlegg for idrett og friluftsliv, samt nærmiljøanlegg etter gjevne kriterier. Tilskotssummen kan verta endra frå år til år.

Kulturdepartementet gir kvart år ut eit hefte med føresegner om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet (V-0732 B for 2013). I nemnte føresegner er statleg anleggspolitikk skildra slik:

*«Staten sitt overordna mål med idrettspolitikken kan samanfattast i visjonen idrett og fysisk aktivitet for alle, jf. Meld. St. 26 (2011-2012) Den norske idrettsmodellen. Konsekvensen av idrett og fysisk aktivitet for alle er at staten gjennom sin bruk av verkemiddel skal leggje til rette for at alle som ønsker det skal ha moglegheit til å delta i idrett eller drive eigenorganisert fysisk aktivitet. Den viktigaste føresetnaden for dette er satsing på anlegg for idrett og fysisk aktivitet, inkludert friluftsliv. Staten har som mål å medverke til bygging og rehabilitering av infrastruktur slik at så mange som råd kan drive idrett og fysisk aktivitet. Det offentlege har likevel ikkje ansvar for å etablere anlegg for alle typar særiddrettar og dugleiksnivå i alle lokale samanhengar. Det er viktig og naudsynt at det vert gjort behovsvurderingar på lokalt, regionalt og nasjonalt nivå. I den samanhengen er det viktig for staten å framheve at dei viktigaste målgruppene for bruk av spelemidlar til idrettsføremål er born (6–12 år) og ungdom (13–19 år). I tillegg vil staten leggje til rette for at personar med nedsett funksjonsevne skal kunne delta i idrett og fysisk aktivitet*



*ut frå sine ønske og føresetnader. Det er òg eit mål for den statlege idrettspolitikken å leggje til rette for at personar som i dag er fysisk inaktive, kjem i gang med aktivitet. Spelemidlar til bygging og rehabilitering av idrettsanlegg skal medverke til ein infrastruktur som gir folk høve til å drive både eigenorganisert aktivitet og aktivitet i regi av den frivillige medlemsbaserte idretten. Anlegg i lokalmiljøet som stimulerer og tilfredsstillar born sitt behov for fysisk aktivitet i organiserte eller eigenorganiserte former vert særskilt prioriterte. Når det gjeld ungdom er det eit mål å utvikle anlegg som tilfredsstillar ungdommen sin trong for utfordringar og variasjon. Ungdom må få høve til å medverke i utforminga av anlegg. Anlegga bør fungere som gode sosiale møteplassar i lokalsamfunna. Spelemidlar til bygging og rehabilitering av nærmiljøanlegg og anlegg for idrett og fysisk aktivitet med stort brukspotensial er sentrale verkemiddel for å innfri dei statlege måla på anleggfeltet.»*

Heftet inneheld føresegner for ordinære anlegg, føresegner for nærmiljøanlegg, føresegner for anlegg for friluftsliv i fjellet, rekneskap og kontroll, kommunal og fylkeskommunal sakshandsaming.

**Ordinære anlegg:** Med ordinære anlegg meiner ein anlegg for organisert idrett og fysisk aktivitet. Anlegg må på førehand vere gitt ei idrettsfunksjonell godkjenning av departementet. Dette gjeld både for nybygg, rehabilitering og ombygging.

Ein kan normalt søke om 1/3 av godkjend kostnad, og maksimalt tilskot er kr 1000.000. Om ikkje anna er bestemt, er nedre grense kr 150.000. For idrettshallar og andre større anlegg er eigne satsar.

Til turvegar og turstiar kan tilskotet vere på halvparten av godkjend kostnad, inntil kr 1.000.000. Leigeavtale av grunn må minst vere på 30 år. (Gjeldande satsar for 2013).

### Nærmiljøanlegg

Med nærmiljøanlegg meiner ein anlegg eller område for eigenorganisert, fysisk aktivitet nær buområde, og/eller område der folk i alle aldrar ferdast. Med nærmiljøanlegg meiner ein berre anlegg ute. Søkar må ha rett til bruk av grunnen der anlegget skal plasserast, og avtalen må minst vere på 20 år. Eigar av anlegget pliktar at det er ope for eigenorganisert, idrettsleg, fysisk aktivitet. Nærmiljøanlegg skal på førehand ha idrettsfunksjonell godkjenning frå kommunen før byggearbeidet startar.

Det kan normalt søkjast om halvparten av godkjend kostnad, øvre tilskotsgrense er kr 300.000, og nedre grense kr 25.000. Ein kan søkje om inntil kr 1,2 millionar kroner per anleggsstad, men det er ikkje noko grense for kor mange anlegg det vert søkt til.

Nærmiljøanlegg, med ei kostnadsramme over kr 600.000, skal vere med i ein kommunal plan for idrett og fysisk aktivitet, og anlegget kan takast med i planen ved rullering av handlingsprogrammet.

Anlegg i tilknytning til skulane sine uteområde går inn under tilskot for nærmiljøanlegg.

Søknadsskjema finn ein på [idrettsanlegg.no](http://idrettsanlegg.no)

### 5.5.2 Andre tilskot

Fylkeskommunen har ulike tilskotsordningar for å fremme meir fysisk aktivitet og folkehelse, [www.hordaland.no/tenester/tilskot/](http://www.hordaland.no/tenester/tilskot/)

I eit samarbeid mellom Gjensidigestiftinga og fylkeskommunane på Vestlandet, er det oppretta eit fond der det kan søkast om pengar til merking og gradering av turløyper i Hordaland.

Hordaland fotballkrins får av og til midlar frå Trond Mohn. Stord kommune fekk tilskot til 2 ballbingar herifrå. Lokale gjevarar er likevel dei viktigaste støttespelarane.

Fylkeskommunen har friluftsliv som satsingsområde, og har signalisert ønskje om fleire søknader på anlegg for friluftsliv.



## 6. Mål og strategiar

6.1 Overordna målsettingar.....	36	6.3.1. Aktivitet.....	37
6.3. Delmål.....	37	6.3.2. Anlegg og område for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv .....	38

## 6. Mål og strategiar

Kommunedelplanen sine mål for planperioden tek utgangspunkt i førre plan for perioden 2000-2010. Det vert samtidig lagt vekt på å forankra plandokumentet sine målsetjingar i gjeldande kommuneplan og i sentrale stortingsmeldingar.

### Kommunedelplanen skal bidra til:

- Å auka fysisk aktivitet i Stord kommune
- Å fremja folkehelsearbeidet i kommunen
- Å samordna og koordinera både internt i kommunen og i høve til andre aktørar som lag, foreiningar og ulike offentlege etatar
- Å avklara oppgåver, ansvar og økonomiske forpliktingar ved utbygging, drift og aktivitetar


### 6.1 OVERORDNA MÅLSETTINGAR

Hovudmål for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv er:

#### *Fysisk aktivitet og friluftsliv for alle*

Det er aktiviteten som er det endelege målet, og i høve til anleggs- og områdeutviklinga i kommunen. Uansett form for fysisk aktivitet – frå organisert eliteidrett til eigenorganisert aktivitetar og friluftsliv – er dei like viktige. «For alle» er ei synleggjering av at også menneske med nedsett funksjonsevne skal sikra gode høve for aktivitet. Universell utforming er difor eit viktig element i all utvikling av anlegg og område.

For å oppnå visjonen om fysisk aktivitet og friluftsliv for alle, er det sett to overordna delmålsettingar:



#### Mål 1:

**Stord kommune skal bidra til auka fysisk aktivitet for innbyggjarane i kommunen**

Delmål 1 betyr at det skal vera tilbod for fysisk aktivitet for alle deler av befolkninga.

#### Mål 2:

**Stord kommune skal leggja til rette for gode anlegg og område for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv**

Delmål 2 inneber at det i Stord kommune fins anlegg og område for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv i eit omfang som gir alle grupper i befolkninga høve til fysisk aktivitet der dei bur. Dette gjeld både i organisert og uorganisert form.

## 6.3. DELMÅL

### 6.3.1. Aktivitet

#### Delmål

Mål om betre helse for alle aldersgrupper

#### Ansvar og strategi

Ha stort fokus på folkehelsearbeidet i kommunen sammen idretts- og friluftsforsorgisasjonane.

Barn og unge skal prioriterast for å oppnå ei god folkehelse for denne aldersgruppa

Haldningsskapande arbeid i barnehagar og skular for å få flest mogeleg til å gå til skulen

Vidareføra og vidareutvikla tiltak innan fysisk aktivitet for seniorar og eldre

Kommunen må vidareføra og vidareutvikla Frisklivssentralen. Setje ut bord og benker slik at det er råd å kvile

Trygga idretten rammevilkår for å oppretthalda og vidareutvikla mangfaldet av aktivitetstilbod – primært for barn og unge.

Nivået på driftsstønad til lag-/foreiningar må vurderast ved rullering av budsjett og økonomiplan. Laga utgreiing på kva det kostar med gratis trening for dei ulike aldersgruppene

Stønad til større arrangement

Kommunen må vurderer løyvingar til større arrangement ved rullering av budsjett og økonomiplan

Auka fokus på samarbeid kommune – idrettsråd, og laga

Ske KF må utarbeida samarbeidsavtale med idrettslaga

Auka fokus på idrettsrådet si rolle.

Stord kommune lagar samarbeidsavtale med Stord idrettsråd

Vurdera ordninga med utleige av skular

Saka er under utgreiing

Oppretthalda og vidareutvikla mangfaldet av aktivitetstilbod


Friviljuge lag/foreiningar skal stimulerast til å oppretthalda og vidareutvikla mangfaldet av aktivitetstilbodet på lokalt nivå, primært for barn og ungdom, både for breiddeaktivitet og for toppidrett

Laga ein lett tilgjengeleg oversikt over lag/organisasjonar som tilbyr fysisk aktivitet

Kommunen i samarbeid med lag og organisasjonar utarbeider nytt register


Få fleire ut på tur

Leggja ut turforslag på nettet der ein finn turskildring og kart. Samarbeida med orienteringsgruppa og andre friluftsforsorgisasjonar



### 6.3.2. Anlegg og område for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv

Delmål	Ansvar og strategi
Eksisterande anlegg og område tilrettelagt for fysisk aktivitet og idrett skal takast vare på	Ske KF lagar ein oversikt/ tilstandsrapport over alle anlegg og område som er registrert i idrettsregisteret
Rehabilitering av anlegg og område skal prioriterast. Lågterskeltiltak og eigenorganiserte aktivitetar skal takast i vare gjennom utvikling og utbygging av anlegg og område	Stord kommune i samarbeid med idretten og friluftsansjonane prioriterer rehabilitering, lågterskeltiltak og eigenorganiserte tiltak i anlegg og område
Universell utforming skal leggjast til grunn ved utbygging av anlegg og område for fysisk aktivitet og idrett	Vert fylgd opp i samband med kommunal eigengodkjenning og info til rådgjevarar
Stord kommune skal hjelpa lag/foreiningar ved søknad om spelemidlar	Trygga at Stord kommune til ei kvar tid har tilsette med relevant kompetanse.
Gje føreseielege rammevilkår ved etablering av nye kommunale anlegg og ved rehabilitering.	Nivået på kommunalt tilskot ved nyetablering og rehabilitering av anlegg og område for fysisk aktivitet og idrett må vurderast ved rullering av budsjett og økonomiplan.
Nærmiljøanlegg ved barnhagar, skular og i buområde skal prioriterast	Nye prosjekt vert vurdert fortløpande
Grøne korridorar, turstiar/turvegar, gang-/sykkelveggar og liknande skal sikra trygg tilkomst til skular, barnehagar, idrettsanlegg og friluftsområde, samt utgjera eit attraktivt nett av trygge opplevingsrike og miljøvennlege ferdselsårer mellom sentrumsområda, ut i utmark, kulturlandskap, strandsoner mv.	Ved utbygging må kommunen sikra at delmålet vert fylgd opp, og ved arealplanlegging og arealforvaltning skal det sikrast område og anlegg for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv. Det må setjast av midlar for gjennomføring av tiltaka. Må sjåast opp mot tiltak i trafikksikringsplanen. Samarbeida med friluftsansjonane
